

Denne skissa syner omfang og avgrensing

Eit meir ryddig sentrum blir eit av resultatata hvis arealstrategien vert gjennomført som foreslått. Resultatet så langt vart presentert av planleggjar Anbjørn Høivik for formannskapet sitt siste møte og trafikken var eit av hovudemna. Det heiter mellom anna at det skal ryddast i parkeringsareal og at det skal merkast opp eit mest mogeleg effektivt parkeringsmønster.

Parkering på butikkaia skal fjernast, det skal også parkering langs sjøen i hamna, delvis ved gamleskulen og langs fylkesvegen og det skal verta nye parkeringsplassar ved båthamna og skulen.



Torget i sentrum tenker planleggjarane seg slik

Om gang og sykkel heiter det at det skal vera fortau langs Sandavegen frå fylkesvegen til sjøen og fortau frå blomebutikken til brua. Vidare skal det vera gang- og sykkelveg frå kyrkja til elva, langs elva vestover og over ny bru på odden.

Gang- og sykkelveg skal det også vera for fylkesvegen forbi Kapteinsgården og vidare vestover på sørsida av riksveg 48. Det skal vera snarveg frå butikkparkeringa til kyrkja.

I sentrum vert det foreslege miljøprioritert gjennomkøring frå bensinstasjonen til brua og torgplass/plaza sør for Sandavegen til bruktbuikk. Uskedalsvegen mot kyrkja vert opna att for køring på sørsida av torget slik at det ikkje vert køring over dette.

Oppdraget går ut på at arealplanstrategien skal kunne nyttast som grunnlag for ein seinare områdereguleringsplan eller i arealdelen til kommuneplanen.


Det som no skal skje vidare er av det skal avsettast ein pott i kommunalt budsjett og søkjast om midlar. Det er også viktig med lokalt engasjement og søknadar om å få gjera tiltak.

Det må avklarast om det må regulerast før gjennomføringa og det må liggja føre avtale med grunneigar før gjennomføringa.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen



Dette er eit arealkart



Slik er Uskedalsløypa tenkt lagt